KLAR for arbeidslivet

Kva er ein søknad?

Kva er ein søknad?
Ein søknad er eit brev der du fortel kvifor du ønskjer ein jobb og kvifor du er kvalifisert for han.

I søknaden skildrar du ferdigheitene, erfaringane og dei personlege eigenskapane dine som gjer deg til ein god kandidat. Målet er å overtyde arbeidsgivaren om at du passar godt til stillinga og bør bli invitert til intervju.

Tips til ein god søknad:

- Søknaden skal vere ryddig og oversiktleg.
- Søknaden skal vere lett å lese. Helst utan for mange skrivefeil.
- Søknaden skal vere personleg og seie noko om kvifor du søkjer på jobben. Kven er du, og kvifor skal arbeidsgivaren tilsetje deg
- Ikkje kopier og lim frå andre. Skriv sjølv. Det betyr meir at du har skrive ein personleg søknad.

Dette MÅ vere med i søknaden:

- Overskrift.
- Kvifor du søkjer på jobben.
- Kven er du? Kva erfaringar har du som gjer deg relevant for jobben.
- Kva er dei viktigaste ferdigheitene dine?
- Kvifor passar du til denne jobben?

Dette KAN vere med i søknaden:

- Dine eigenskapar
- Dine språkkunnskapar
- Dine interesser
- Dine referansar

Oppgåve 1: Fyll ut din eigen søknad

Overskrift

Overskrifta seier noko om kva jobb du søkjer på. Eks:

- Søknad
- Søknad om stilling som helsefagarbeidar

Skriv eigne forslag.

_____

_____

_____

_____

_____

_____

_____

Innleiing

Innleiinga skal seie noko om kvar du høyrde om jobben. Eks:

- Eg har sett annonsen på arbeidsplassen.no, og eg er veldig interessert i stillinga.

Skriv eigne forslag.

_____

_____

_____

_____

_____

_____

_____

Hovuddel

I hovuddelen skal du skrive ein kort tekst om deg sjølv og kva du gjer no. Eks:

- Eg er ein ung mann som kjem frå Spania. Eg flytta til Noreg for eitt år sidan og har lært norsk på nivå B1.

Skriv eigne forslag.

_____

_____

_____

_____

_____

_____

_____

I hovuddelen skal du skrive ein kort tekst om kva du har gjort før. Eks:

- Eg har jobba som salsmedarbeidar i Carrefour i Madrid i fem år. Der hjelpte eg kundar, fylte på varer og jobba i kassa.

Skriv eigne forslag.

_____

_____

_____

_____

_____

_____

_____

Ferdigheiter

Ferdigheitene er det du kan gjere godt. Ferdigheiter viser kva du kan, og kva du kan bidra med i ein jobb. Eks:

- Eg er ein venleg og serviceinnstilt person som liker å jobbe med kundar.
- Eg er også punktleg, påliteleg og liker å jobbe i team.

Skriv eigne forslag.

_____

_____

_____

_____

_____

_____

_____

Avslutning

I avslutninga kan du skrive kvifor du passar til jobben, og kvifor dei skal velje å ta deg inn til intervju. Eks:

- Eg trur eg kan vere ein god ressurs for butikken dykkar. Eg er også punktleg, påliteleg og liker å jobbe i team.
- Eg vil gjerne jobbe hos dykk, og eg kjem gjerne til eit intervju.

Skriv eigne forslag.

_____

_____

_____

_____

_____

_____

_____

Signatur

Ein signatur er namnet ditt skrive for hand eller digitalt på slutten av eit dokument. Det viser at du har skrive dokumentet og er einig i innhaldet. Eks.:

- Med venleg helsing

Skriv eigne forslag.

_____

_____

_____

_____

_____

_____

_____

Oppgåve 2: Lag din eigen søknad

Skriv ein søknad. Finn gode eksempel som du kan herme etter. Vi har laga to eksempel: Carlos og Aisha.

- Bruk notata du har fylt ut på dette arket til å lage ein eigen søknad.
- Lagre søknaden med namn og dato.
- Søknaden kan skrivast på mange måtar, men hugs at han alltid skal vere personleg og skriven av deg.

Ordbank

- Ferdigheiter
- Eigenskapar
- Overskrift
- Innleiing
- Hovuddel
- Personleg
- Erfaring
- Passe til jobben
- Bidra
- Forslag
- Signatur
- Herme

Kva tyder desse orda?